

# Foredrag St. Paul gymnas

## 14.02.14

### *Er Wikipedia ei god kjelde?*

#### 1) Introduksjon- Kven er eg

##### **BILDE**

Steinar Sneås Skauge.

32 år

Jobbar som prest i Den norske kyrkje -> Meland

Registrerte meg som brukar på Wikipedia i 2006 for å rette noko som stod om konfirmasjon i Den norske kyrkje.

Aktiviteten byrja for fullt i byrjinga av 2008 og i oktober 2008 vart eg utnevnt til ein av administratorane på Wikipedia på bokmål og riksmål. Kva dette vil seie kjem eg attende til seinare.

Eg har gjort rundt 23000 redigeringar. Er hovudbidragsytar på 700-800 artiklar, men har vore innom mange tusen fleire og gjort småting. Av desse har 15 av artiklane «mine» blitt kvalitetsmerka som «gode lister», «utmerka artiklar» eller «anbefalte artiklar». Eg skal kome attende til dette også.

Hovudtyngda i mine bidrag har vore innan kyrkjestoff, men eg har også skrive innan andre emne. Eg har til dømes anbefalte artiklar om Jakob Sande, Illuminati-ordenen, Salhusvinskvetten, afrikanske forfattarar og slaget på Vågen i 1665.

#### 2) Korleis funkar Wikipedia.

##### **BILDE**

Eg veit ikkje kor mykje de kan om Wikipedia, men eg tippar at det er litt ujamnt. Nokon er kanskje drevne på å skrive på Wikipedia, medan andre slit med å finne ein artikkel der, eller ikkje tør å stole på det som står der. Nokon vil derfor kanskje synes at dette er sjølv sagt og grunnleggande, dette som eg seier no.

#### A – Kva er Wikipedia.

Wikipedia byggjer på ein tanke om at all kunnskap skal vere fritt tilgjengeleg for alle på deira språk. Det er altså ein ganske radikal opplysningsfilosofi som ligg bak dette.

Vi som er interessert i dette også av ideologiske grunnar, ser på det vi gjer som eit utjammingsprosjekt, der fritt tilgjengeleg kunnskap vil skape eit likare samfunn og kan løfte folk ut av fattigdom.

For dei som er interessert i slik, er mykje av filosofien også overlappende med den som ligg bak fri programmvare som Linux.

Alle kan redigere Wikipedia, altså legge til eller ta vekk stoff. Dette er naudsynt for å få samla mest mogeleg kunnskap. Alt som vert skrive kan vidare brukast fritt til det ein måtte ynskje, og på den måten trur vi at kunnskapen vert spreidd og til sjuande og sist at verda kan bli ein betre plass. Vi ynskjer også at det vi skriv på eitt språk vert omsett til andre språk, slik at den kunnskapen vi i den privilegerte Vesten har mogelegheit til å samle, kan bli tilgjengeleg for dei som ikkje har tid og ressursar til skulegang, lese bøker og liknande.

For at vi skal nå dette målet, er vi avhengige av at det som står på Wikipedia er korrekt, altså at det er ei kjelde ein kan stole på. Det er dette eg skal ta tak i vidare. Først skal eg vise korleis det reint praktisk fungerer.

## **B – Teknokratiet**

Wikipedia er aldri betre enn dei som skriv det, noko som også sjølvsagt kan seiast om alt ein les. Det som skil Wikipedia frå dei fleste andre kjelder ein brukar, er at det ikkje står oppgjeve nokon forfattar på det som står skrive, og som oftast kan teksten ein les vere eit produkt av arbeidet til mange personar. Skal vi då ha ei kjelde ein kan bruke, er det mange ting ein må ha på plass. Til dømes kvalitetskontroll.

Det som skjer når nokon skriv noko på Wikipedia er følgjande: *Dette må visast*

- Per skriv i ein artikkel at St. Paul skule har 270 elevar **BILDE**
- Det kjem opp eit raudt utropsteikn på «Siste redigeringer» **BILDE**
- Dette ser vi som er patruljørar og administratorar. **BILDE**
- Vi må då manuelt gå inn og sjå kva som er endra i denne artikkelen. Så kan vi tilbake stille, godkjenne det som er lagt inn eller la det vere til nokon som enten kjenner stoffet og veit om det stemmer eller ikkje eller gidd og leite fram eit svar, tar det. **BILDE**

Dette er den jamnlege kvalitetskontrollen. Redigeringane vert altså dobbeltsjekka.

Dette er riktig, men kun for nokre brukarar. Det gjeld dei som ikkje er registrerte, og det gjeld nye brukarar. Etter kvart som ein har bidratt på Wikipedia ei stund og vi som

er «faste» ser at dette er ein person ein kan stole på, vert eit sjølvkontrolør.

Ulike nivåar av brukarar.

- 1) Dei som får alt godkjent av andre
- 2) Dei som har vist at dei kan stolast på, og dermed kan legge inn stoff utan at det vert godkjent av andre. -> Merittbasert.
- 3) Dei som har tatt på seg å kontrollere det andre legg inn. Etablerte brukarar som har vist over tid at dei kan stolast på og kjenner systemet.  
**Patruljørar**
- 4) Dei som kontrollerer det andre legg inn, kan slette artiklar, fjerne stoff permanent, blokkere brukarar osv. Basert på tillitt i wikipediasamfunnet som ein får gjennom å bidra over tid. Som oftast fleire år. Sjølv var eg av dei med kortast fartstid då eg vart **administrator**. Dette er eit verv ein har på åremål. Annankvart år er det avstemning om vi framleis har tillitt i samfunnet til å ha desse rettane.

Wikipedia er altså eit tillittsbaset system som bygger på at ein gjennom tid viser at ein legg inn riktig og god informasjon. Vi som kjenner dei ulike brukarane ser kven vi kan stole på og ikkje, og på dette grunnlaget får ein tillitt, både til å legge inn stoff og til å gå god for det som andre legg inn.

So far, so good. Dette systemet funkar greit for oss som kjenner brukarane og veit kven som kan stolast på, og som veit korleis ein kan sjå kven som har lagt inn kva. Men det funkar ikkje for dei som berre er inne for å finne noko. Då må det andre ting til for å sjå at det ein finn på Wikipedia er til å stole på.

Då snakkar eg sjølvsagt om å oppgje kjelder, men først vil eg vise ein måte ein kan finne ut noko om kor god ein artikkel er, om det ikkje står kjelder der.

Ein kan gå til historikken til artikkelen. **BILDE** Der kan ein sjå kven som har lagt inn mesteparten, eventuelt det ein lurar på. **BILDE** Ein kan så trykke på brukarnamnet, om det er ein registrert brukar, og sjå kven som har lagt det inn.

**BILDE** Står det der at det er til dømes ein administrator som har lagt det inn, er det som regel til å stole på. Men dette er sjølvsagt både tungvint og ikkje eigentleg haldbart nok. Ein bør ha gode kjelder for det ein legg inn på Wikipedia, og ser ein desse, kan ein også vurdere det som står i artikkelen. **BILDE**

Det er også ein måte ein kan få ein form for kvalitetssikra artiklar på. Det er om ein ser på dei anbefalte og utmerka artiklane våre. Det er artiklar som fyller visse kriterier

om at dei dekker eit emne, har god kjeldebruk osb. **BILDE** Artiklane vert nominerte til statusen og går gjennom ein diskusjon der fleire brukarar les dei med kritisk blikk og samarbeidar for å få dei best mogeleg. **BILDE** Desse artiklane vert så peika ut til å vere det beste Wikipedia har å by på. Dei er merka med eit merke øvst i artikkelen. **BILDE** Om ein ser dette merket, kan ein altså rekne det som ei god kjelde. Eventuelt kan ein sjølvsgagt gå på oversikta over slike artiklar for å finne dei beste artiklane.

Ofte får ein ein god peikepinn på om artikkelen kan ha problem. Det er ofte klistra inn merker på toppen av artiklar som har problem med truverdet. Desse stemmer ikkje alltid. Nokre greie artiklar kan ha slike merker, og nokre dårlege kan mangle merker, men dei er eit ok teikn på kvalitet. **BILDE**

Og då er vi over på kjeldebruk, og vidare på kjeldekritikk.

### **C – Kjelder og kjeldekritikk.**

Ein god Wikipediaartikkel skal ha oppgjeve kjeldene som er brukt for å skrive artikkelen. Ein kan ganske brutalt seie at utan slike kjelder er artikkelen verdilaus. Då kan ein ikkje stole på det som står der. Det betyr ikkje at artikkelen treng å vere feil, men det er i såfall ikkje noko i artikkelen som bygger opp under det som vert sagt. Ein god artikkel har oppgjev altså kjelder.

## **BILDE**

Kjeldene kan altså oppgjevast på ulike måtar. Nokre artiklar oppgjev ei lenke på botn av artikkelen, og om ein trykkar seg inn der, kan ein finne alt som står i artikkelen. Dette kan vere kalla «eksterne lenker» eller «kjelder» eller noko liknande. Nokre artiklar gjer det same med bøker eller anna. Det beste er om det er i bruk ein form for fotnotesystem, der det er fotnoter som seier kvar kvar enkelt faktabolk er henta frå, slik at ein enkelt kan slå opp i kjeldene og sjå om det som står i artikkelen stemmer.

Om ein skal snakke med for store ord, kan ein seie at er det fotnoter i artikkelen er det ei god kjelde.

Men ei kjelde treng ikkje vere god. Sjølv om det står ein plass at noko er slik og slik treng det ikkje stemme.

Nokre raske ord om kjeldebruk på Wikipedia. Ein av grunnreglane på Wikipedia, er at vi skal vidarebringe *etablert kunnskap*. Det vil seie at det som står på Wikipedia skal vere stoff som ein kan finne i bøker, vitskaplege artiklar og liknande. Det kan

sjølvsagt også brukast filmar og lydopptak og slik, men personleg vil eg alltid gå for skriftlege kjelder.

Når vi seier at vi vil vidarebringe etablert kunnskap, set vi opp eit motstykk til dette, og kallar det for *original forskning*. Det vil seie at vi ikkje ynskjer å vidareføre enkeltpersonar, eller organisasjonar, sine nye tolkninigar av ting, nye teoriar og så bortetter. Det som står på Wikipedia skal vere det som er den etablerte kunnskapen. Ein kan ikkje vise til sine egne skriverier, og på den måten seie at ein har ei kjelde til det som vert lagt inn, og ein kan ikkje tolke stoffet ut over det kjeldene gjer.

For å prøve å konkretisere dette: Vi vil helst legge fram det ein finn i lærebøker, i standard artikkelar om emne osv. Det som bryt med dette kan sjølvsagt vere riktig, men då vil vi at det skal bli anerkjent av fagmiljøa før det får ein framtrédande plass på Wikipedia. Det kan av og til vere på sin plass at noko vert nemnt som ein teori, men då må det vere med forbehold, og kun om det er ein teori som har ein god base i fagmiljøa.

Ein kan derfor til dømes ikkje seie at Metallica er det beste metalbandet i historia. Då har ein innført nokre nye kriterier og ei tolkning, noko som kan kategoriserast som original forskning. Ein kan derimot seie at Metallica er av dei mestselgjande metalbanda, dei som har hatt størst påverknad på andre band osv. Dette finn ein god dekning for i salslister, musikkteori osv.

#### **Konkret døme**

Når vi skriv om William Shakespear skriv vi at Hamlet, Romeo og Julie og dei andre stykka er skriva av ein mann som kom frå Statford-upon-Aven og heiter William Shakespear. **BILDE** For det er det som er det fagmiljøa meiner. Samstundes er det ikkje problem å finne folk som meiner noko anna. Dei har til og med gjeve ut bøker og laga TV program om dette. **BOK** Det er ikkje noko fagmiljøa meiner stemmer, og derfor vert det ikkje lagt fram i artikkelen som noko ein skal bry seg med, men i akkurat dette tilfellet har desse spekulasjonane, som eg personleg synes er kjempegøye, fått så mykje merksemd at det kan vere på sin plass å nemne dei. **BILDE** I denne artikkelen vert det gjort heilt riktig. Ein seier at slik er det, utan å seie at det er riktig, det desse teoriane seier. **BILDE**

#### **D - Kjeldekritikk på Wikipedia.**

Ut frå det eg no har sagt er det klart at ein ikkje berre skal vere kjeldekritisk til det ferdige produktet på Wikipedia, altså vurdere Wikipedia kritisk, på same måte som alle kjelder skal vurderast kritisk. Vi som skriv Wikipeda må også drive kjeldekritikk på dei kjeldene vi brukar når vi skriv leksikonet.

Når ein vurderer kva kjelder ein skal bygge ein artikkel på, må ein sjå på ulike faktorar.

Først og fremst: Er kjelda objektiv? Altså om kjelda har noko å vinne eller tape på å framstille eit tema positivt eller negativt.

Eit konkret døme frå ein stor diskusjon eg var med i. Artikkelen om Jehvoas vitner var kandidat til å bli «utmerket artikkel», men eg, og nokre andre, reagerte sterkt på at artikkelen omtala JV som eit «kristent trussamfunn». Det er ikkje problem med å finne gode kjelder som seier at dei er det, men det er heller ikkje problem med å finne gode kjelder som seier at dei ikkje er det. For JV står for mykje av det som kristne står for. Det dei derimot ikkje står for er mellom anna treeiningslæra. Då måtte vi vurdere kjeldene. Og her var det vanskeleg, for det var ikkje sagt at dei som sa det eine eller det andre var gode eller dårlege kjelder. Dei kunne ha ein agenda med det dei sa, men det var noko som var like aktuelt for begge gruppen. Vi landa på noko som eg ikkje veit om eg er heilt nøgd med... **BILDE**

Det står «*Jehovas vitner beskrives innen religionsvitenskap som et millenaristisk, kristent[A] trussamfunn med [antitrinitaristiske](#) oppfatninger som skiller dem ut fra andre kristne*» med ei fotnote som diskuterer bruken av ordet «kristent».

Heile diskusjonen rundt dette ordet brukte vi rundt 8000 ord på, eller ca 14 A4-sider, utan at vi kom fram til ei betre løysing enn dette...

## **BILDE**

Vanlegvis er det ikkje så vanskeleg.

Vanlegvis er det ganske greitt. Skal eg skrive om St. Paul gymnas, kan eg ikkje bruke nettsida dykkar som kjelde på at de er ein knakande god skule. **BILDE** Det kan det godt vere at dette er, men for at det skal stå på Wikipedia må vi ha ei betre kjelde. Ei skuleundersøking referert i BT, til dømes. For dykkar nettside har jo alt å tene på å seie at dette er ein god skule. Det er ganske enkelt, og dei fleste forstår

det. **BILDE**

Av og til er det greitt å ha raske kroker ein kan henge kjelder på. Særleg er dette greitt for raskt å kunne sjå om dei er ubruklege. Eit greitt førstepremiss er om dei bygger på, eller støtter opp om konspirasjonsteoriar. Vert ein tekst som omtalar Eurabia-vaset som fakta brukt som kjelde, kan ein gå ut ifrå at den ikkje er brukbar. Tekstar som påstår at genmodifisert mat er ein måte å styre befolkninga på kan heller ikkje brukast. Om ein seier at Illuminati styrer verda, er det også eit teikn på at kjelda er ubrukeleg. De skal ha/har hatt om konspirasjonsteoriar i dag, og på generelt grunnlag veit vi at om ein blandar inn slikt, er kjeldekritikken på botn og teksten dermed

ubrukeleg.

Bloggar er heller ikkje kjelder vi kan bruke. Ikkje fordi det det treng å vere noko gale med det som står på ein blogg, men det er heller ingen automatikk i at det er vurdert av nokon som har peiling på faget. Eg kan sette meg ned og skrive langt og levande om tekstilhistoria i Arna på bloggen min, men eg anar jo ingenting om dette, så det ville berre vere fri fantasi... Derfor kan vi ikkje bruke bloggar som kjelde. Ein publikasjon som ikkje har vore gjennom ein redaksjonell vurdering, er ikkje kvalitetssikra, og kan derfor ikkje brukast.

### **Kva er gode kjelder**

Gode kjelder er faktabøker, fagbøker, fagtekstar og liknande. som er skrive av fagfolk som legg fram eit tema på ein god måte. Ei bok gjeve ut på eit seriøst forlag, ein tekst skrive av ein professor i faget, ein rapport frå ein seriøs organisasjon som Amnesty, avisartiklar frå gode avisar, gjerne skrive litt i etterkant av ei hending så dei har større perspektiv på det som har skjedd osv. Desse kjeldene kan ein som hovudregel stole på, og bruke på Wikipedia.

Ser ein mange slike kjelder oppgjeve i ein artikkel, helst i form av fotnoter, er dette eit teikn på at ein kan stole på artikkelen. Som oftast gjer ein ikkje meir, men om ein vil sikre seg, kan ein gå direkte til kjeldene som er brukt og sjå kva dei seier. Klikkar ein seg vidare på nokre lenker som er oppgjeve som kjelder og ser at det som står der, i truverdige kjelder, er det same som står i artikkelen på Wikipedia, er det ein peikepinn på at resten av artikkelen er til å stole på.

### **3) Kva kjelder brukar eg når eg skriv artiklar**

For at dette skal bli litt meir konkret, kan det vere greitt å sjå på korleis ein bygger opp ein artikkel med hjelp av gode kjelder. Og lat det vere sagt med ein gong. Det er ikkje noko fasitsvar på dette, for det er veldig ulikt kva kjeldetilfang ein har, altså kor mykje som er skrive om eit emne.

Personleg likar eg best å ta utgangspunkt i ei eller fleire bøker om eit emne, og så fylle på med andre kjelder. Det er ikkje alltid det går, men når det går er det ein fordel.

**Kvekergravplassen: *BILDE*** Lite kjelder. Ei bok hovudbok og nokre

andrebøker, ***BØKER, BILDE*** (alle frå kvekerforlaget) ein artikkel, småtteri på nettet. Mykje avhengig av same mann, som er kveker, men som driv med doktorgrad om kvekerhistorie. Han er ein seriøs historikar og har svært lite å tene på dette. Kjeldene er gode, sjølv om det alltid er fare for feil med såpass smalt kjeldetilfang.



**Vinskvetten:** **BILDE** Enkelt å finne stoff, men ikkje så lett å finne gode kjelder.

Ei bok som hovudkjelde, **BOK, BILDE** nokre musikkleksikon og massevis av avisartiklar. Ulempa med boka er at den er ein del av Vinskvetten sin portefølje, og frontar dei. Dei andre artiklane må settjast saman for å skape eit godt bilete, men dei fyller også ut det som står i boka.

**Mary MacKillop:** **BILDE** Det finnes bøker om henne, men eg hadde ingen.

**BILDE** Baserte meg på nokre biografiar på nettet. Frå katolske sider, og australske historiesider og leksikon på nett. I tillegg var det mykje biografistoff å finne i australske nettaviser. Også på sidene til ordenen var det ein del. Ikkje alt var like brukbart. Noko av stoffet kom til dømes frå miljø som hadde jobba for å få henne kanonisert, medan andre ting ikkje hadde vore så nøye med alle fakta. Det var derfor viktig å vurdere dei ulike stadane ein henta informasjon frå.

**Der det har vore interessante diskusjonar:**

**Document.no:** **BILDE** Denne artikkelen var prega av mykje fram og attende, der nokon ville framstille den som omtrent den einaste sanne kjelda til nyhende, medan andre ville framstille den som rasistisk. Begge sider kom fram i artikkelen, og alt vart eit rot.

Eg omskreiv heile artikkelen, og i samband med dette kom det til litt diskusjon om bruk av kjelder. Eg hadde mellom anna brukt ein artikkel av Shoib Sultan som jobbar for Antirasistisk senter som kjelde. **BOK** Artikkelen stod i ei bok utgjeve på Manifest forlag, som ligg eit godt stykke ute på venstresida politisk. Var dette ei kjelde ein kunne bruke? Vi landa på ja, sidan Sultan her både peiker på at document.no har mykje rasistisk grums i kommentarfelta, men samstundes seier at det redaksjonelle stoffet er innanfor det som må seiast å vere legitim religions- og islamkritikk. Han gjev altså ei vurdering som må sjåast på som relativt objektiv, særleg sidan han og hans prosjekt på mange måtar tapar på vurderinga.

Ei kjelde som vart tatt ut av bruk i det eg gjorde var ein forskningsrapport frå Politihøgskolen. Dette er jo absolutt noko ein må rekne som ei god kjelde, men sjølv om det i og for seg var ei god kjelde, var det ikkje ei god kjelde for å lese om document.no, for rapporten streifa berre document.no i ei bisetning, og derfor var det ikkje grunn til å legge veldig stor vekt på det rapporten sa om nettstaten.

**BILDE**



## 4) Konklusjon

For å oppsummere dette

- Wikipedia er eit fritt leksikon som vil gjere kunnskap tilgjengeleg for alle
- For å nå dette målet, kan alle endre på det som står i leksikonet
- Dette krev at ein har gode rutinar for å kontrollere innhaldet
- Ei rekke frivillige går gjennom alle endringar på Wikipeida og ser om det som vert endra er riktig
- For å gjere dette må ein mellom anna sjå på kva kjelder som er brukt.
- Til sjuande og sist er målet med denne prosessen at det som står på Wikipedia skal vere sant og godt kjeldebelagt.

### Er Wikipedia ei god kjelde?

To svar

- Nei, Wikipedia er ikkje ei god kjelde
- Ja, Wikipedia er ei god kjelde

Begge svara er like riktige. Wikipedia er ei god kjelde når artiklane oppgjev kva kjelder som er brukt for å skrive artikkelen slik at ein sjølv kan sjå om det stemmer. Wikipedia er ikkje ei god kjelde når artiklane står åleine utan nokon måte å kontrollere det som står der.

Her skil eigentleg ikkje Wikipedia seg frå nokon annan tekst, og på mange måtar vil eg seie at Wikipedia er ei betre kjelde enn mange andre ting fordi ein er opplært til å vere skeptisk til det ein finn på Wikipeida. Derfor tar ein ofte dei naudynnte forbeholda når det kjem til Wikipeida, medan stoff som kjem frå andre kjelder ikkje vert handsama med den same formen for sunn skepsis, og ein dermed går i baret og brukar kjelder fulle av feil.

Hovudproblemstilling: Er Wikipedia ei god kjelde?

Underproblemstillingar: Korleis fungerer Wikipedia? Korleis sikrar de at informasjonen er korrekt? Korleis kan ein sjå om ei side er god eller ikkje? Kva kilder nyttar du når du skriv artiklar (med døme)? Korleis viser ein til kjelder på Wikipedia?